




Strategisk plan

Oppvekst og
Internasjonalisering
i
Stranda Kommune-





Innhold

1. Samandrag	s. 1
2. Bakgrunn	s. 2
3. Arbeidsgruppe	s. 3
4. Utviklingsprogrammet Absolutt	s. 4
5. Kommunepilot Erasmus+	s. 6
6. Erasmus+	s. 7
7. Utvikling av oppvekstsektoren i Stranda Kommune	s. 9
8. Internasjonalt arbeid i Stranda Kommune	s. 12

1. Samandrag

Stranda Kommune vart hausten 2020 med på to program for utvikling av tilbodet innan oppvekstsektoren. **Absolutt** er eit program i regi av KS, KommuneSektorens interesseorganisasjon, og går i hovudsak ut på å sjå på og eventuelt justere eller få ein ny organisering av oppvekstsektoren i kommunen på plass. **Kommunepiloten** for internasjonalt arbeid er eit prosjekt leia av HK-dir - Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse, kor Stranda Kommune har delteke saman med fire andre kommunar. Piloten er sett i gang for at dei deltakande kommunane skal få til eit større internasjonalt engasjement, og det er ein uttalt ambisjon at dei skal søkje på minst eitt av programma innanfor Erasmus+ portalen, EU sitt felles program for internasjonalt arbeid i utdanningssektoren.

Stranda Kommune har hatt ei arbeidsgruppe, den same for begge programma, i sving og det er gjort eit godt arbeid begge plassar. Arbeidsgruppa har lagt fram arbeidet sitt for kommunestyret i kommunen i to Dialogmøter mellom politikarane og alle einingsleiarane. Arbeidet er godt forankra, både gjennom at arbeidsgruppa er sett saman av dei øverste politiske leiarane og dei øverste administrative leiarane.

Stranda Kommune kjem til å gjennomføre ein prosess på reorganisering av oppvekstsektoren, etter planen i løpet av 2023. Samtidig vil Stranda Kommune søkje om såkalla Akkreditering, eit meir omfattande internasjonalt arbeid for fleire aktørar/einingar hausten 2022.



2. Bakgrunn


Stranda Kommune starta hausten 2020 eit arbeid for å sjå på kommunen sitt ansvar og organisering av barnehagar, skule og oppvekst. Kommunen vart påmeldt i utviklingsprogrammet Absolutt - eit utviklingsprogram for oppvekstsektoren initiert, utvikla og leia av KS - KommuneSektorens interesseorganisasjon. Målet var å sjå på om oppvekstsektoren i Stranda Kommune hadde ein hensiktsmessig organisering, og eventuelt foreslå endringar i sektoren. Ei arbeidsgruppe vart sett ned. Grappa hadde desse medlemmane: Ordførar, Rådmann, Leiar av HOK - Hovudutval for Oppvekst og Kultur, Kommunalsjef Oppvekst, Rektor Stranda Ungdomsskule, Styrar i Sunnlyven Barnehage og Hovudtillitsvalgt for Utdanningsforbundet.

I løpet av, og parallelt med arbeidet i Absoluttprogrammet, vart Stranda Kommune meldt på ein **Kommunepilot for internasjonalt arbeid** i regi av HK-dir - Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse. Målet med piloten var å få til eit større internasjonalt engasjement i dei kommunane som fekk plass i piloten. Stranda Kommune fekk plass i piloten saman med fire andre kommunar, og arbeidet fekk finansiering frå EU sitt internasjonale program Erasmus+, styrt gjennom HK-dir.

Arbeidsgruppa har jobba parallelt med begge programma, oppfølginga gjennom Absolutt vart avslutta våren 2022, og HK-dir sin kommunepilot vart avslutta hausten 2022. Arbeidet med begge programma er presentert for kommunepolitikarane og einingsleiarane i Stranda Kommune i to dialogmøter 25.08.2021 og 11.05.2022. Arbeidet skal ha som mål å leie fram til:

1. Ny organisering av oppvekstsektoren i Stranda Kommune
2. Søknad om EU midlar (Erasmus+) til internasjonalt arbeid i og for Stranda Kommune.
3. Ein overordna oppvekstplan for Stranda Kommune

Arbeidet har hatt denne planmessige oppbygginga:





3. Arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa Stranda Kommune sette ned til å gjere arbeidet med både Absoluttprogrammet og med Kommunepiloten for Erasmus+:



Jan Ove Tryggestad - Ordfører



Åse Elin Hole - Rådmann



Josten Dalen - Leiar av Hovudutval for Oppvekst og Kultur (HOK)



Tone Lillebø - Kommunalsjef Oppvekst



Magnar Tufte Tyssen - Hovudtillitsvalgt (HTV) for Utdanningsforbundet i Stranda



Hilde Brekke - Styrar i Sunnylvn barnehage



Paul Ivar Pedersen - Rektor ved Stranda Ungdomsskule



4. Utviklingsprogrammet Absolutt - presentasjon frå KS sine heimesider

I utviklingsprogrammet ABSOLUTT skal deltakerne utforske handlingsrom, roller og ansvar. Kommunene og fylkeskommunene som deltar vil identifisere forbedringsområder, se sammenhenger og finne lokale løsninger på en rekke spørsmål:

- Hvordan skape gode oppvekstsvilkår og tilpasset opplæring for barn og unge?
- Hva kreves av barnehager og skoler for å utvikle den brede kompetansen som framtidens samfunns- og arbeidsliv har behov for og samtidig ivareta barn og unge behov her og nå?
- Hvordan kan kulturskolen inngå i et helhetlig oppvekstilbud som fremmer mestring og tilhørighet for alle barn og unge?
- Hva kreves for å utforme en kunnskapsbasert, helhetlig og inkluderende utdanningspolitikk?
- Hvordan kan man jobbe for å identifisere behovene og å finne gode løsninger?
- Hvem kan inviteres inn til dialog og samskaping om tjenester for barn og unge?
- Hvordan utvikle barnehager og skoler av god kvalitet?
- Hvilke nye muligheter kan teknologi og nye løsninger gi i barnehage og skole?

Programmet skal skape relevans for den enkelte kommune og fylkeskommune og er inndelt i tre innholdskategorier:

1) **Kvalitet og kunnskapsgrunnlag. Hvor er vi?**

- Globalisering
 - Nasjonal kontekst og utdanningspolitikk
 - Det lokale kunnskapsgrunnlaget, styrker og svakheter
 - Hvilket endringsbehov ser vi?

2) **Framtidsbilder Hvor vil vi?**

- Å utvikle framtidsbilder
- Dialog og samskaping – et mangfold av aktører
- Fag- og profesjonsfellesskap er viktig for endrings- og utviklingsarbeid



3) Utviklingsprosessen. Hvordan kommer vi dit vi vil?

- Planlegging og implementering
- Innovasjon, profesjonsutvikling og medarbeiderskap
- Varige forbedringer

Gjennom arbeidet med Absolutt vart Stranda Kommune sin ambisjon for oppvekstsektoren formulert som eit framtidsbilde:

Tenestene i Stranda er i framtida prega av:

- *strukturar og systemarbeid (ikkje personavhengig og privatpraksis)*
- *tidleg innsats*
- *delingskultur*
- *samstemte støttetjenester og tiltak - alle er tru mot det som er planlagt/beslutta*
- *avklarte forventningar og tydelege roller*
- *tillit mellom aktørane*
- *støttetjenestene i nært samspel med skule og barnehage*
- *god kompetanse i alle tenester*
- *god bruk av lavterskeltilbod (foreldrekurs, ICDP, samtalegrupper osv)*





5. Kommunepilot Erasmus+

Stranda Kommune fekk plass som ein av fem kommunar i det som vart kalla Kommunepilot for internasjonalt engasjement - Kommunepilot Erasmus+. Erasmus+ er EU sitt overordna program for internasjonalt samarbeid i oppvekstsektoren.

Målet med piloten er å:

- Bidra til økt forståelse for hvordan internasjonalt utdanningssamarbeid kan brukes for å nå nasjonale og lokale mål på utdanningsfeltet
- Gi økt kjennskap til virkemidler for internasjonalisering og sette kommuner bedre i stand til å bruke ekstern finansiering som et virkemiddel for å oppnå identifiserte mål.
- Legge til rette for en prosess som stimulerer til systematisk og langsiktig arbeid med internasjonalisering
- Legge til rette for at kommuner sammen kan utvikle og dele kunnskap om hvordan internasjonalisering kan brukes i utviklingsarbeidet i kommunen

Kilde: KS-konsulent - presentasjon på samling 1


Piloten var organisert og finansiert av HK-dir - Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. Det er HK-dir som forvalter økonomien i Erasmus+ i Norge, på vegne av EU. Piloten var samlingsbasert, med tre samlingar i Norge og ei samling i Brüssel. Stranda Kommune deltok med samme arbeidsgruppe som i Absoluttprogrammet. Dei andre kommunane som deltok var, Lillestrøm, Asker, Elverum og Sula. Kommunane jobba mellom samlingane med å dokumentere status, utarbeide målsettingar og planer for arbeidet i oppvekstsektoren og for det internasjonale arbeidet.

Etter endt pilotprogram er det ei forventning at kommunane leverer søknad om finansiering under eit av programma i Erasmus+



6. Erasmus+

Erasmus+ er EU sitt overordna program for internasjonalt samarbeid i oppvekstsektoren. Alle landa som er medlemmar i EU, pluss EØS landa, inkl. Norge er ein del av Erasmus+ programma. Gjennom Erasmus+ kan aktørar i alle desse landa søkje om økonomisk støtte til forskjellige former for utveksling og internasjonalt arbeid. Programma er skjematisk bygd opp slik:



Programma er delt inn i to hovudområder:

1. **Mobilitet** - som i all hovudsak går ut på å gi aktørar i eit land høve til å reise til eit anna land for å auke sin eigen kunnskap om landet ein reiser til, og/eller finne ut av korleis aktørar i eit anna land organiserer og gjennomfører liknande oppgåver ein gjer i eige land. Mobilitet er igjen delt inn i to undergrupper:
 - a. **Akkreditering** - som gir ein aktør, f.eks ein kommune høve til å organisere og gjennomføre fleire besøk, med fleire ulike deltakarar eller deltakargrupper.
 - b. **Enkeltstående mobilitetsprosjekter** - som gir ein aktør, f.eks ei skuleklasse eller personalet i ein barnehage høve til å gjennomføre besøk i eit anna land.



2. Partnerskap for samarbeid - som er eit forpliktande samarbeid mellom to eller fleire aktørar frå forskjellige land. Partnerskapet kan ha to ulike innretningar:

- a. Samarbeidspartnerskap** - som er store samarbeidsprosjekter, gjerne med mange samarbeidspartnarar, f.eks skuleklasser frå mange land, som går saman om eit fellesprosjekt og gjennomfører utvekslingar og besøk hos kvarandre.
- b. Småskalapartnerskap** - som ofte er samarbeid mellom to aktørar frå to forskjellige land om eit mindre prosjekt.

Erasmus+ er også overbygginga for utveksling av studentar mellom landa i EU/EØS og program for ungdomskutveksling og politikktutvikling i dei same landa.

Gjennom arbeidet i piloten har Stranda Kommune fått tid og rom til å sjå på eigen organisering, eigen drift av oppvekstsektoren og samtidig sjå kva som ligg av potensiale i eit internasjonalt engasjement.

Stranda Kommune skal legge inn søknad om Akkreditering, slik at fleire aktørar i oppvekstsektoren i Stranda kan få høve til å sjå korleis drift av oppvekstsektoren blir gjort i andre land.



7. Utvikling av Oppvekstsektoren i Stranda Kommune

Gjennom arbeidet med Absolutt og Erasmus+ har arbeidsgruppa sett på ulike aspekter ved korleis Stranda Kommune har organisert seg for å drifte dei ulike delane av tenestetilbodet retta mot barn og ungdom. Gruppa har sett på:

1. Grunnlag for å beskrive ein god oppvekst
2. Eigen organisasjon
3. Nasjonale og kommunale mål for god oppvekst
4. Ulike løysingar for ei god organisering av oppvekstsektoren i Stranda kommune.
5. Ulike program, arbeidsmåtar og aktivitetar i einingar som har med oppvekst å gjere.

Arbeidet er basert på Stranda Kommune sitt eige verdidokument. Visjonen til Stranda Kommune er **Stranda Kommune - til å vere stolt av**. Gruppa gjorde ei lita bearbeiding av verdidokumentet til Stranda kommune, basert på visjonen, og kom opp med ei omskriving frå - *til å vere stolt av?* til - *til å vere stolt av!*





Dette grunnlaget tok også i stor grad i seg kva forskning viser er eit godt oppvekstmiljø:

Fleire forhold har betydning for at barn og unge skal få ein god oppvekst:

- *At barn og unge føler at dei høyrer til og kjenner seg trygge i familien, blant venner og i nærmiljøet.*
- *At barn og unge får god tilknytning til skule og etter kvart arbeidsliv.*
- *At barn og unge har god psykisk og fysisk helse.*
- *At barn og unge med innvandrarbakgrunn har dei same moglegheitene som andre på same alder.*
- *At økonomien i familien er trygg og føreseieleg, og at familien har gode levekår.*

Kjelde: Folkehelseinstituttet (FHI)

I tillegg vart det trekt inn forskning rundt ein framtidig arbeidsmarknad og kva eigenskapar ein framtidig arbeidstakar bør ha:

Oppvekst i Stranda Kommune

Oppplæringslova §1-1
Elevarne og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liv sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrung.

SOSIAL OG EMOSJONELL KOMPETANSE:

- Sjølvbevissthet/ (Self-awareness)
- Sjølvkontroll/ (Self-management)
- Sosial bevissthet/ (Social Awareness)
- Relasjonelle ferdigheter/ (Relationship skills)
- Ansvarlege avgjersler/ (Responsible decision-making)

6 VIKTIGE EIGENSKAPAR I EIT FRAMTIDIG ARBEIDSLIV:

- Teknologiforståing
- Formidlingsevne,
- Sosial interaksjon og emosjonell intelligens,
- Kreativitet,
- Evne til å jobbe tverrfagleg,
- Sterk fagkompetanse og kritisk refleksjonsevne. Sintef 2020

Barnhage-lova §1
Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.


Gruppa utarbeida eit *framtidsbilete* av korleis eit ynskja tilbod bør vere i framtida:

Tenestene i Stranda er i framtida prega av:

- *strukturar og systemarbeid (ikkje personavhengig og privatpraksis)*
- *tidleg innsats*
- *delingskultur*
- *samstemte støttetjenester og tiltak - alle er tru mot det som erplanlagt/beslutta*
- *avklarte forventningar og tydelige roller*
- *tillit mellom aktørane*
- *støttetjenestene i nært samspel skule og barnehage*
- *god kompetanse i alle tenester*
- *god bruk av lavterskeltilbod (foreldrekurs, ICDP, samtalegrupper osv)*



Ein kom fort fram til at tilbodet måtte rettast mot enkeltindividet, og det må vise att korleis Stranda Kommune rettar tenestetilbodet sitt inn mot den einskilde. *Emil* - symbolet på eit barn eller ungdom i Stranda vart skapt:



Emil - er symbolet, eller biletet på innbyggjarane mellom 0-25 år i Stranda. Stranda Kommune må klare å rette tilbodet sitt mot kvar og ein for å gi eit godt oppveksttilbod. Stranda Kommune er ein kommune med stor grad av arbeidsinnvandring, spesielt frå Aust-Europa. Det vart viktig å peike på tilbodet born av arbeidsinnvandrarar får. Skulane peika på at det er tildels store utfordringar med språkutviklinga til denne gruppa. Ikkje fordi dei ikkje har eit godt kvardagsleg norsk, for det har dei. Men det vart peika på at språkutviklinga i denne gruppa er dårleg når ein kjem til fagspråk og omgrepsutvikling. Samtidig er det eit inntrykk at arbeidsinnvandrarar som har born, kommuniserer at dei ein gong skal returnere til heimlandet. Da er teorien at borna og ungdommane ikkje ser meininga i å utvikle seg skulefagleg, eller gjere karriere i Norge. Dette vart ei hypotese, og for å finne ut om det er hald i den vart det fort peikt på at ressurspersonar frå ulike einingar må få betre kunnskap og erfaring med kva bakgrunn arbeidsinnvandrarane har og kva kultur dei har for oppvekst, oppdragelse og skule i dei landa dei kjem frå. Ein kom fort fram til at eit engasjement gjennom Erasmus+ kunne vere eit godt bidrag til å finne innhald i denne hypotesa. Det vart laga til mål for korleis ein vil at Stranda Kommune skal framstå:

Samfunns mål -

- *Stranda skal vere eit inkluderande samfunn*

Effekt mål -

- *Auka forståing for kvarandre sin kultur*
- *Vilje til å bu /kome tilbake etter utdanning*
- *Livsmestring*
- *Tilhørigheit - "kjenne seg heime"*
- *Organisasjonslæring og utvikling – bedre kvalitet*
 - *Frå "slump" til system*
 - *Kunnskapsløft frå barnehage til vidaregåande skule*

Resultat mål

- *Auka folketal*
- *Auka bulyst*
- *Auka gjennomføring vidaregåande skule og valfriheit videre*



8. Internasjonalt arbeid i Stranda Kommune

Det er som tidigare nemnt gjort eit arbeid med å definere målsettingar for det internasjonale arbeidet:

Samfunns mål -

- *Stranda skal vere eit inkluderande samfunn*

Effekt mål -

- *Auka forståing for kvarandre sin kultur*
- *Vilje til å bu /kome tilbake etter utdanning*
- *Livsmestring*
- *Tilhørigheit - "kjenne seg heime"*
- *Organisasjonslæring og utvikling – bedre kvalitet*
 - *Frå "slump" til system*
 - *Kunnskapsløft frå barnehage til vidaregåande skule*

Resultat mål

- *Auka folketal*
- *Auka bulyst*
- *Auka gjennomføring vidaregåande skule og valfriheit vidare*

Stranda Kommune har ein av dei største andelane i landet av arbeidsinnvandring. Næringslivet på Stranda er i høg grad avhengig av manuell arbeidskraft. Mykje av næringslivet er basert på næringsmiddelindustri og turisme. Mange av dei som kjem til Stranda for å jobbe, vil ikkje bosette seg i kommunen, men mange gjer det. Det ligg to store ambisjonar i det internasjonale engasjementet:

1. **Auka folketal** gjennom at fleire av dei som tek seg arbeid i Stranda blir buande
2. **Auka bulyst** gjennom at dei som allereie har etablert seg i Stranda, får ei betre utvikling gjennom større deltaking i samfunnet (idrett, kultur og frivillig arbeid), og at borna får eit betre barnehage og skuletilbod ved at fagpersonar i kommunen betre kjenner til bakgrunnen deira. I tillegg er det ein ambisjon at dei som kjem til Stranda med born er betre opplyst og informert om det norske kommunale tenestetilbodet, både barnehage, skule og støttesystema.

Når ein desse to store måla, vil ungdom få eit betre grunnlag for vidaregåande opplæring, og gjennomføring der vil bli betre.

Stranda Kommune vil søkje om Akkreditering gjennom Erasmus+ programmet. Akkreditering vil gi kommuna høve til å auke kunnskapen om bakgrunn og kultur i land som rekrutterer arbeidsinnvandrarakar til Stranda. Samtidig vil det vere eit bidrag til dei landa ein vil besøke ved at kompetanse vi innehar, kjem fagpersonar som vi har eit samarbeid med til gode.

Det norske skulesystemet er godt utvikla. Spesielt gjeld det på områder som digitalisering, spesialundervisning, likestilling, inkludering, elevdemokrati og praksisretting av fag. Fagpersonar frå Stranda vil kunne yte eit stort bidrag til kolleger i dei landa dei kjem til. Det er ei utfordring at elevar i skulen har bakgrunn som born av arbeidsinnvandrarakar. Mange vil ha ein identitet som ikkje er basert godt nok i nokon av kulturane. Ved at dei, og medelevar som er etnisk norske, får høve til å besøke landa dei opprinneleg kjem frå, vil identiteten og sjølvkjensla deira få større kvalitetar.



Gjennom engasjement i Erasmus+ vil Stranda Kommune kunne arbeide fram eit mykje større grunnlag for forståing av korleis andre land generelt, og i dei landa arbeidsinnvandrane i Stranda kjem frå spesielt. Det er spesielt to - fem land som peikar seg ut som mest aktuelle å besøke:

1. Litauen
2. Polen
3. Slovakia
4. Latvia
5. Spania

I tillegg har Stranda tatt i mot flyktningar frå Ukraina. Det vil på sikt vere aktuelt å etablere eit samarbeid her også. Ukraina er pr. i dag ikkje medlem i EU, og situasjonen i landet er ikkje slik no at et samarbeid vil vere aktuelt.

Det er sett opp eit utgangspunkt for kva, når, kven og kor mykje aktivitet det vil vere rundt internasjonalt arbeid i Stranda Kommune i den perioden søknaden gjeld for. Det er sett opp mobilitet (besøk fra Norge/Stranda) både for vaksne fagpersonar, og for elevar. Det er i fyrste rekke elevar på ungdomstrinnet, gjennom valfaget *Internasjonalt arbeid* som vil vere mest aktuelle, men ein kan sjå for seg at også elevar på barnetrinnet, og kanskje også frå vidaregåande opplæring kan delta.

Ein grov opptrappingsplan kan sjå slik ut:

	2022	2023	2024	2025	2026	2027
V Å R	Pilot	Førebuande besøk Aust-Europa (2-3 personar)	Ta i bruk kunnskap etter gjennomført mobilitet – planlegge ut i frå det. Støttetenester – ansattmobilitet (5-10 personar) Aust-Europa	Elevmobilitet valgfag (5-10 elevar) Ansattmobiliteter i mindre grupper på fleire plasser spissa mot skule/barnehage (10 personar) Ansattmobilitet Spania (5-10 personar)	Elevmobilitet valgfag (5-10 elevar) Ansattmobilitet er i mindre grupper på fleire plasser spissa mot skule/barnehage (10 personar)	Elevmobilitet valgfag (5-10 elevar)
H A U S T	Pilot og planlegging	Ansatt mobilitet (10 mobiliteter/ personar) Skule og barnehage – for å lære Aust-Europa	Valgfag internasjonalt arbeid Ansattmobiliteter i mindre grupper på fleire plasser spissa mot skule/barnehage (10 personar)	Elevmobilitet valgfag - gjenbesøk (2-3 grupper) Støttetenester - ansattmobilitet besøk og gjenbesøk - Aust-Europa	Elevmobilitet valgfag - gjenbesøk (2-3 grupper) Støttetenester - ansattmobilitet besøk og gjenbesøk - Aust-Europa	Elevmobilitet valgfag - gjenbesøk (2-3 grupper)